

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring og kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur

Kulturmidlar 2019 - Kunstnarstipend

Fylkesdirektør for næring og kultur har i medhald av delegert mynde 17.09.19 fatta vedtak om fordeling av stipend til unge kunstnarar i etableringsfasen og arbeidsstipend til kunstnarar for 2019.

Det kom inn 11 søknader til stipend, 5 til stipend til unge kunstnarar i etableringsfasen og 6 til arbeidsstipend for kunstnarar. 3 søknader har fått avslag før behandling av fagjury då dei ikkje oppfyller kriteria for stipend som er lagt til grunn i retningslinene. 8 søknader er vurdert av enten fagjury visuell kunst eller fagjury tverrfagleg.

Fagjuryane sine innstillingar til stipend har vore retningsgjevande for fylkesdirektør ved vedtak om tildeling av stipend.

Vidare følgjer oversikt over søknader, vurderingar og tildeling av stipend for 2019.

Stipend til unge kunstnarar i etableringsfasen

Tiltak:	Forprosjekt danseframsyning	Søklar:	Jon Werede Hope
Innhald:	<p>Hope søker om midlar til eit forprosjekt for å skape ei danseframsyning der han utforskar korleis miljøet vi lever i påverkar korleis vi uttrykkjer oss. Det handlar mellom anna om korleis vi handterer frustrasjon og sinne.</p> <p>Forprosjektet vil innehalde ei fagleg undersøking, nettverksbygging og kunstnarleg utvikling. Hope vil gå i djupna på aktuelle problemstillingar, kartleggje kva ressursar ei slik framsyning vil krevje og skaffe seg oversikt over dansararar og musikarar som det kan vere aktuelt å søkje samarbeid med. Han vil òg planleggje og gjennomføre ein verkstad med unge dansarar i HAFS-området.</p> <p>Hope søker finansiering til fagleg utviklingsarbeid samt for å få dekt nokre av kostnadane knytt til prosjektet.</p>		
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å støtte unge profesjonelle kunstnarar som er busett i eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Profesjonelle kunstnarar under 35 år innan alle uttrykk som er busett i Sogn og Fjordane eller som skal etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje. Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.</p> <p>Søklar er busett i fylket og har høgare kunstfagleg utdanning. Han er i etableringsfasen med behov for både fagleg utvikling, nettverksarbeid og kunstnarisk utvikling for å kunne skape seg ei framtid som dansekunstnar og koreograf.</p> <p>Fylkesdirektøren rår søklar til å nytte også andre støtteordningar til å finansierer forprosjektet og gjennomføring av prosjektet, lokalt, regionalt og nasjonalt. Norsk kulturråd har stønadsordningar for både forprosjekt og prosjekt.</p> <p>Forprosjektet det blir søkt stipend til vil gje søklar eit godt grunnlag for vidare</p>		

	etablering som dansekunstnar i fylket og arbeid med eigen danseproduksjon. Fylkesdirektøren tildeler stipend.				
Budsjett:	110 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	50 000
Tiltak:	Utvikling av dokumentarserie	Søkjær:	Øystein Frøyland		
Innhald:	<p>Frøyland er ein ung og nyetablert dokumentarfilmregissør som har budd på Sandane sidan 2017. Han jobbar dagleg med å utvikle og skape ulike dokumentarfilmprosjekt, og arbeider for tida med to dokumentarfilmar som førebels er i utvikling og som bl.a. er støtta av Vestnorsk filmsenter. Begge prosjekta er lokalisert i Sogn og Fjordane.</p> <p>I 2014 starta Frøyland og Guro Sollie Hansebakken filmselskapet Puffin Film AS. I utgangspunktet jobbar Frøyland som regissør, medan Hansebakken er produsent. Frøyland jobbar frå eit kontor på Sandane, medan Hansebakken for tida bur i Oslo.</p> <p>Stipendet vil bli brukt på Frøyland sitt arbeid som regissør òg manusforfattar i utviklinga av en dokumentarserie om Ivar Aasen og nynorsk. Puffin Film AS ønsker å lage ein spennande, engasjerande og morosam dokumentarserie om Ivar Aasen og nynorsk for unge bokmålsbrukarar. Gjennom serien skal publikum få ta eit steg inn i nynorskens skrifthistorie og prøve å forstå kvifor arbeidet til Norges mest kjende språkforskar var, og fortsatt er viktig for så mange nordmenn. Prosjektet skal ta for seg ulike meiningar som baserar seg på myter, idolisering og kjensler som språkdebatten har brakt med seg.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å støtte unge profesjonelle kunstnarar som er busett i eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Profesjonelle kunstnarar under 35 år innan alle uttrykk som er busett i Sogn og Fjordane eller som skal etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje. Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.</p> <p>Søkjær er busett i Sogn og Fjordane og har master i dokumentar og journalistikk. Han har produsert ein dokumentarfilm tidlegare i tillegg til filmar produsert som del av studiar.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at søkjær har eit spennande prosjekt med ein ryddig søknad. Filmprosjektet er støtta av Vestnorsk filmsenter. Eit stipend vil gje eit godt grunnlag for å komme vidare med prosjektet.</p> <p>Fylkesdirektøren tildeler stipend. Stipendet vert gitt til arbeid med manus. Det kan ikkje nyttast til å dekke andre utgifter knytt til prosjektet.</p>				
Budsjett:	71 300	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	30 000
Tiltak:	Ny serie og auka synlegheit i sosiale mediar	Søkjær:	Elise Årdal		
Innhald:	<p>Årdal teiknar prikkar i store og små fasongar på papir. Nokre gongar figurative motiv, men oftast abstrakte.</p> <p>Sju nye verk er i emning - ein ny serie Prikkelandskap. Den første serien laga Årdal i perioden 2016-2017, og hadde då lite fokus på å fortelje om prosessen i sosiale mediar og elles til andre. I dag er arbeidsprosessen og sluttresultatet godt innarbeida, og Årdal vil heller utfordre seg sjølv til å dele med andre korleis ho jobbar medan ho teiknar og tenkjer.</p> <p>I dag har Instagram-kontoen @prikkedilla__ 80 følgjarar og i gjennomsnitt 20 likes på innlegg.</p> <p>Ved bruk av video, bilete og nyttige tips håpar Årdal å nå dei som er interessert og mottakelege for denne type moderne kunst, og auke talet på følgjarar og vere synleg hjå folk. Målet er i første omgang 500 følgjarar på Instagram, ein god start til å bli noko større både i sosiale mediar og hos galleri. I tillegg ønskjer Årdal i første omgang å stille ut lokalt på Sandane/Eid/Måløy.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å støtte unge profesjonelle kunstnarar som er busett i eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane. Profesjonelle kunstnarar under 35 år innan alle uttrykk som er busett i Sogn og Fjordane eller som skal etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje. Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.</p> <p>Søkjær er busett i Sogn og Fjordane og har høgare utdanning innan media, IKT og</p>				

	design. Søkjar leverer ein god søknad med mål om å nå publikum på ein ny måte i høve tradisjonell formidling av kunst. Fylkesdirektøren vurderer at søkjar gjennom dette prosjektet vil kunne etablere eit godt grunnlag for sitt virke vidare som kunstnar i fylket. Fylkesdirektøren tildeler stipend.				
Budsjett:	176 309	Søknadssum:	Ikkje oppgitt i søknaden	Vedtak:	25 000

Arbeidsstipend for kunstnarar

Tiltak:	Skrive og produsere novelleopera	Søkjar:	Jostein Avdem Fretland		
Innhald:	<p>Fretland søker stipend til å skrive ferdig og produsere den fyrste av (minst) tre novelleoperaer, som etter planen skal setjast opp i kammerformat og turnerast på ulike små og store scener i Sogn og Fjordane våren 2020.</p> <p>Fretland er i gang med å skrive både tekst og musikk, og skal gjennomføre ein vekeslang workshop med songarar og musikar i Lærdal i juni 2019, støtta økonomisk av Lærdal Næringsutvikling. Workshopen vil gje nødvendige tilbakemeldingar for å kunne skrive ferdig stykket i løpet av hausten, dersom dei økonomiske rammene for det er til stades.</p> <p>Eit stipend vil langt på veg finansiere det resterande komposisjonsarbeidet, inkludert noko prøvehonorar under hovudproduksjonen. Verket har arbeidstitel «Fyrste date».</p> <p>Søkjar ønskjer å nytte eit stipend til å finansiere komposisjonsarbeid og noko prøvehonorar under hovudproduksjonen.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk. Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.</p> <p>Søkjar er busett i Sogn og Fjordane og har kunstfagleg utdanning. Søkjar har alt eit langt virke bak seg innan musikkteater/opera. Han har mellom anna omsett tekstar til nynorsk for Opera Nordfjord.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at søkjar har eit spennande prosjekt som tenkjer nytt kring ein etablert sjanger. Fylkesdirektøren tildeler stipend. Stipendet vert gitt til komposisjonsarbeid og arbeid med libretto. Det kan ikkje nyttast til å dekke andre utgifter knytt til prosjektet, som prøvehonorar til musikarar og songarar. Fylkesdirektøren rår søkjar til å også nytte andre finansieringskjelder til prosjektet, lokalt, regionalt og nasjonalt.</p>				
Budsjett:	235 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	30 000

Tiltak:	Tid til kunstnarisk arbeid	Søkjar:	Sigrd Bjørkedal
Innhald:	<p>Bjørkedal søker stipend for å kunne vie tid til kunstnarisk arbeid, kjøpe inn material og til fraktkostnader i forbindelse med utstillingar.</p> <p>Etter 6 år som turguide skal ho no vere permanent i Nordfjord (frå nov 2018) og har fått arbeidsrom til å produsere maleri og liknande. Gjennom åra som turguide har Bjørkedal gjort idéarbeid/skissebøker og har no tid og rom til å sette i gang kontinuerlig produksjon igjen.</p>		
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk. Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.</p> <p>Søkjar er busett i Sogn og Fjordane og er ein etablert kunstnar med mange separat-, gruppe- og kollektivutstillingar bak seg. Arbeid av søkjaren er kjøpt inn av mellom anna Sogn og Fjordane kunstmuseum. Etter ein del år med anna arbeid, ønskjer søkjar igjen å vie meir tid til kunstnarisk arbeid.</p> <p>Fylkesdirektøren ser positivt på at søkjar ønskjer å jobbe som kunstnar i fylket og vurderer at eit arbeidsstipend vil gje eit godt grunnlag for å ta opp att det kunstnariske arbeidet. Fylkesdirektøren tildeler stipend.</p>		

Budsjett:	55 820	Søknadssum:	Ikkje oppgitt i søknaden	Vedtak:	50 000
-----------	--------	-------------	--------------------------	---------	---------------

Tiltak:	Kunstprosjektet Biophilia hypothesis - Tell me yours, I tell you mine	Søkjær:	Karina Siegmund		
Innhald:	<p>Siegmund søker stipend til kunstproduksjon til separatutstilling til høgsalen til Sogn og Fjordane Kunstmuseet, frå oktober 2019 til februar 2020.</p> <p>Kunstprosjektet «Biophilia hypothesis - Tell me yours, I tell you mine» er ein audiovisuell Biletvevinstallasjon. Ein nyproduksjon for SFKM med lokale naturområde frå fylket som motiv og formgivande element. Prosjektet byggjer vidare på kunstnaren sine tidlegare arbeid med audiovisuell biletvev. Motiv «sanka inn» frå naturen, via foto, video, lyd og studiar av lys, vil verte mønsterskapande element for biletveven, ved bruk av digital vevteknologi.</p> <p>Siegmund fekk BKH stipend 2018 på 100 000 kr til prosjektet. Stipendet inngår i budsjettet. Ho fekk også diverse stipend frå Norsk kulturråd til anna prosjekt i 2018.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk. Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.</p> <p>Søkjær er busett i Sogn og Fjordane og er ein etablert kunstnar. Søkjær har mange separat- og gruppeutstillingar bak seg og søker stipend for å produsere til utstilling ved Sogn og Fjordane kunstmuseum.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at søkjær har levert ein god søknad og at prosjektet kvalifiserer til eit arbeidsstipend. Fylkesdirektøren tildeler stipend.</p>				
Budsjett:	320 200	Søknadssum:	50 000	Vedtak:	35 000

Tiltak:	Jobbe fulltid med tekst og låtmateriale til ny plate	Søkjær:	Håvard Øyrehagen		
Innhald:	<p>Øyrehagen søker stipend til å jobbe med tekst og låtmateriale til ny plate. Plata skal spelast inn august 2019 med utgjeving i desember. Øyrehagen har fått kontor plass og tilgang til øvingslokale i Sogndal til arbeidet. Søkjær har fleire plateutgjevingar bak seg.</p> <p>Øyrehagen skriv tekstar på nynorsk.</p> <p>Tidsplan: Mars og april – Jobbe med å skrive tekstar og arrangere låtar Mai-juli – Øve inn nytt materiale for å klargjere studio August - Gå i studio og spele inn nytt materiale September – miksing og mastring Oktober-november – trykking av fysisk opplag Desember – publisering</p> <p>Øyrehagen har mål om at bandet skal komme opp på nasjonalt nivå og få radiospeing på nasjonale kanalar i løpet av 2019.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk. Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.</p> <p>Søkjær er ein etablert artist med fleire plateutgjevingar bak seg. Han er busett i fylket.</p> <p>Det er fleire kvalifiserte søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjær vert difor ikkje prioritert til stipend i 2019. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	60 000	Søknadssum:	20 000	Vedtak:	0

Tiltak:	Vidareutvikle arbeidsmetodar/teknikkar	Søkjær:	Vidar Årdalsbakke Djupvik
---------	-----------------------------------------------	---------	----------------------------------

Innhald:	<p>Djupvik er taksidermist, og i det arbeidet inngår også autentiske omgjevnader for det enkelte dyr.</p> <p>Denne delen av arbeidet har over tid utvikla seg frå å omfatte røter og stein i pappmasché eller betong, til å bli større prosjekt som omfattar fleire ulike materialar og teknikkar. Djupvik har hatt ulike spennande oppdrag, og det er dette arbeidet han no vil vidareutvikle og som eit stipend vil kunne gjere mogeleg.</p> <p>Djupvik vil vidareutvikle kunnskap, og få meir erfaring med betong, epoxy og sveising som han ser vil ha stor nytteverdi for han i framtida, og for prosjekt som er på planleggings- og idéstadiet i dag. I tillegg til å bruke tid og ressursar på å lære, vil Djupvik lage modellar der ulike teknikkar er brukt, for å vise resultat av ulik art og som kan vere gode å ha i marknadsførings-samanheng.</p>				
Vurdering:	<p>Målet med ordninga er å gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk. Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane kan søkje. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.</p> <p>Søkjar er busett i Sogn og Fjordane og er utdanna taksidermist med eiga verksemd. Søkjar har tidlegare mellom anna laga autentiske landskap til utstillingar ved Akvariet i Bergen og Bjørneparken på Flå.</p> <p>Søkjar vil vidareutvikle kunnskap om korleis lage autentiske omgjevnader til dyr, og få meir erfaring med betong, epoxy og sveising som han ser vil ha stor nytteverdi i denne type arbeid vidare.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer at prosjektet har element av kunstnarisk utforming, men at det ligg nærare opp til handverk enn kunstproduksjon. Ordninga med arbeidsstipend er retta mot skapande og utøvande kunstnarar.</p> <p>Det er fleire søkjarar til stipend enn ramma for ordninga gjev rom for å tildele. Søkjar vert difor ikkje prioritert til stipend i 2019. Fylkesdirektøren avslår søknaden.</p>				
Budsjett:	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 25%; text-align: center;">172 000</td> <td style="width: 25%; text-align: center;">Søknadssum:</td> <td style="width: 25%; text-align: center;">50 000</td> <td style="width: 25%; text-align: center;">Vedtak: 0</td> </tr> </table>	172 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 0
172 000	Søknadssum:	50 000	Vedtak: 0		